



ARKOCONSULT AS
HTB Bygget Valestrandsvegen
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Dato: 03.04.2019
Vår ref.: 2019/2465-6
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Att. Yvonne Hauge

Fråsegn - Varsel om oppstart av detaljregulering for Solhaug bustadområde - gnr 137 bnr 17, m.fl.- Lindås kommune

Vi viser til brev datert 1.3.2019 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Solhaug bustadområde. Hovudføremålet med reguleringa er bustadområde. Føremålet er i strid med kommunedelplan der området er sett av til næring. Kommunen har ikkje vurdert om planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Planfaglege innspel

Hordaland fylkeskommune er i utgangspunktet kritisk til planar som ikkje er i tråd med kommuneplanen. Vi viser til forskrift om konsekvensutgreiingar og ber om at det vert gjennomført ein konsekvensutgreiing i tråd med forskriftens krav om at nye bustadområde som ikkje er i tråd med overordna plan skal bli konsekvensutgreidd.

Areal- og transport

Vi viser til Regional areal- og transportplan for Bergensområdet som legg føringar for framtidig utbyggingsmønster. Hovudgrepet i planen er at hovuddelen av vekst i bustader og arbeidsplassar bør kome i den regionale vekstsona omkring Knarvik. Dette er likevel ikkje til hinder for vidare utvikling av lokalsenter og bygdene i kommunen. Hordaland fylkeskommune meiner det vil vere fornuftig å utvikle område omkring Alversund skule, men meiner samstundes at kommunen bør utnytte potensialet som ligg i områdeplan for Alversund før ein regulerer nye område. Det vil heller ikkje vere hensiktsmessig å legge til rette for bustader på austsiden av vegen, noko som gjer det meir utfordrande å legge til rette for trygg ferdsel til skuleområdet. Vi viser her til retningsline 5.4 i Regional areal- og transportplan som understreker at alle nye større bustadområde skal ha dokumentert trygg veg til grunnskule.

Vi ber om at føringane i Regional areal- og transportplan vert lagt til grunn for vidare arbeid. Regionale planar vil vere utgangspunktet for fylkeskommunen si vurdering av saka når den kjem på offentleg ettersyn.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teken omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt

med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland Fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. Vi ber om at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

Samferdsel

Hordaland fylkeskommune viser til uttale frå Statens vegvesen datert 18.03.2018. Som vegeigar vert trafikktryggleik og hensiktsmessig trafikkutvikling vurdert høgt. Vi slutter oss til Statens vegvesen sin uttale, og ber om at plangrensa vert utvida slik at naudsynte kryssutbetringar knytt til fv 565 kan gjennomførast.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport og samferdsel.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar communal plan

Hans-Christian Engum
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Kopi til:

Lindås kommune

Fylkesmannen i Hordaland